



Retningsline for vernetenesta i Seljord kommune sitt arbeid

Godkjend i AMU, 14.12.2012

Val av verneombod

Verneombodet skal bli vald blant arbeidstakarane. Alle tilsette har stemmerett, med unntak av verksemdas øvste daglege leiar.

Ein bør fortrinnsvis velje VO blant arbeidstakarar som har arbeidd i verksemda dei siste to åra.

Det er arbeidstakarane aleine som skal avgjere kven som skal vere verneombod, men dei kan ikkje velje arbeidsgjevar eller arbeidsgjevarrepresentant.

Verneombodet blir vald for to år av gangen.

Valet skjer anten ved fleirtalsval blant dei tilsette, eller ved utpeiking av lokale fagforeiningar etter bestemte reglar.

Dersom eit verneombod sluttar i verksemda eller går over i varig arbeid innan eit anna verneområde, opphøyrer vervet. I så fall skal det umiddelbart bli vald eit nytt VO, med mindre det er vald vara. Da trer vara inn som VO for den resterande del av valperioden.

Verneombodets oppgåver:

Verneombodet skal ha ei aktiv rolle i verksemda sitt HMS-arbeid. Verneombodet skal bli teke med på råd under planlegging og gjennomføring av tiltak som er viktige for arbeidsmiljøet innafør ombodets verneområde. Det kan vere endringar, utbyggingar m.m som er viktige for arbeidsmiljøet på arbeidsplassen.

Arbeidsgjevaren skal sørge for at VO får den opplæringa som er nødvendig for at å kunne skjømte vervet som verneombod på ein forsvarlig måte. Opplæringa skal fortrinnsvis foregå i arbeidstida og alle utgifter skal betalast av arbeidsgjevar. VO skal ha tenestefri med full løn. Er opplæringa lagt til fritida, skal VO ha løn som for vanleg arbeidstid, men ikkje overtidstillegg.

Verneombodet skal lytte til arbeidskollegaene og rådføre seg med dei før ein foreslår løysingar ovafor arbeidsgjevar. Det er naturleg å samarbeide med bedriftshelsetjeneste. VO bør alltid samrå med hovudverneombodet før ein går til andre partar med ei sak.

Konfliktar om arbeidsmiljøproblem bør helst bli løyst internt i verksemda. VO kan alltid kontakte Arbeidstilsynet ved behov for råd og rettleiing. Det same gjeld når VO meiner det er nødvendig å få Arbeidstilsynets vurdering i saker der VO og arbeidsgjevaren ikkje kan komme til einighet.

Verneombodet skal sjå til at verksemda er innretta og vedlikehalde, og at arbeidet blir utført på ein slik måte at omsynet til arbeidstakarane sin sikkerheit, helse og velferd er ivareteke.

Særleg skal VO følgje med på at:

- maskiner, tekniske innretningar, kjemiske stoff og arbeidsprosessar ikkje utsett arbeidstakarane for fare.
- verneinnretningar og personleg verneutstyr er til stades i passande mengd, at det er lett tilgjengeleg og i forsvarleg stand.
- arbeidstakarane får nødvendige instruksjon, øving og opplæring.
- arbeidet er tilrettelagt slik at arbeidstakarane kan utføre arbeidet på ein helse- og sikkerhetsmessig forsvarleg måte.

- meldingar om arbeidsulykker blir sendt.
- vere med på alle vernerundar og risikokartlegging.
- vere med på å drøfte tiltak etter vernerundar og risikokartlegging.
- Vere med på møte i regi av hovudverneombod ca to gongar pr. år

Verneombodet skal delta ved Arbeidstilsynets inspeksjonar og tilsyn, og følge opp at arbeidsgjevaren oppfyller dei pålegg som Arbeidstilsynet gir.

VO skal ha ein aktiv rolle i verksemda sitt HMS-arbeid.

VO skal bli teke med på råd under planlegging og gjennomføring av tiltak som er viktige for arbeidsmiljøet innafor ombodets verneområde, m.a. etablering, utøving og vedlikehald av internkontrollsystemet i verksemda.

Hovudverneombod

I verksemdar med fleire verneombod skal det vere hovudverneombod.

HVO skal bli vald for to år av gangen. Dersom eit hovudverneombod sluttar i verksemda eller går over i varig arbeid innan eit anna verneområde, opphøyrer vervet. I så fall skal det umiddelbart bli vald eit nytt HVO, med mindre det er vald vara. Da trer vara inn som HVO for den resterande del av valperioden.

Val av HVO kan anten skje ved at verneomboda vel HVO, eller ved at lokale fagforeiningar utpeiker HVO etter bestemte reglar. HVO kan bli vald blant eitt av verneomboda eller ein annan person som har eller har hatt tillitsverv i verksemda.

I verksemdar som har fleire lokale fagforeiningar som til saman organiserer fleirtalet av arbeidstakarane, men der inga av dei organiserer fleirtalet aleine, kan dei i fellesskap utpeike HVO. Blir dei ikkje einige, vel verneomboda hovudverneombod. Ved like mange stemmer blir valet avgjort ved loddtrekning.

Det skal bli vald vara for HVO. Reglane som gjeld for HVO, gjeld og for vara.

HVO si sentrale oppgåve er å samordne verneomboda sitt arbeid. Viss det er tvil om kva for verneombod ein sak tilhøyrer, kan HVO avgjere dette.

Spørsmål som gjeld fleire verneområde, skal bli lagt fram for HVO.

For øvrig gjeld dei reglar som er fastsett for VO, tilsvarande for HVO.

HVO skal sitte i arbeidsmiljøutvalet som ein av dei tilsettes representantar.

Arbeidsgjevars rolle i vernearbeidet:

Det er arbeidsgjevaren som har ansvar for at arbeidsmiljøet er forsvarleg på alle måter og samsvarer med regelverket som er gitt i arbeidsmiljølova, med tilhøyrande forskrifter.

Sjølv om det finst andre roller med oppgåver innafor arbeidet med HMS, står dette fast. Det er arbeidsgjevar /avdelingsleiar som har ansvar for å leggje til rette for at arbeidet HMS blir prioritert, og at dei andre partane i HMS-arbeidet, t.d. verneombod, kan gjere jobben sin.

Ulike oppgåver tilknytta HMS-arbeidet kan bli delegert til andre, men arbeidsmiljøet forblir arbeidsgjevars ansvar.